

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 2 - April 2022 54. årg.



Velkomen til Påsketidsvandring

side 17



Unge medarbeidarar

side 6



Bagasjen me ber ...

side10



Konfirmant

side 12



Pilegrim på Jæren

side 26

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrjekontoret tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne
Inngang frå Saronsbrotet
heimeside: www.timekyrkja.no
e-post: kyrjekontoret@timekyrkja.no
Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon Time og Undheim: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919
Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf 911 63 039
Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 51 77 03 77
Assisterande kyrkjeverje: Siri Vik tlf. 906 43 758
Kyrkjeverje: Gunnar Bjorland Stone tlf. 406 01 079
Prosjektlei ar i Time: Asle Steinbru tlf. 979 79 771

Time
Heimeside: timekyrkja.no/time-sokn
Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874
Musikalsk lei ar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar helg: Elen Fosse tlf. 981 89 102
Soknerådslei ar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974
Dagleg lei ar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Klokkar: Oline Høie Hetland tlf. 400 80 674
Ungdomsarbeidar Lye: Martin Berge tlf 958 35 364
Kyrkjetenar ved gravferd:
Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus
Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne
Heimeside: www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818
Administrasjonlei ar:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77
Dagleg lei ar / kyrkjelydsutviklar:
Jostein Aa. Tollaksen tlf. 909 88 880
Soknerådslei ar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Kyrkjetenar helg: Arne Espevik tlf. 909 70 522
Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf.466 56 825
Ungdomsprest Bryne/Nærbø,
Aksel Johan Lund tlf.416 36 761

Undheim
Heimeside: www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Ungdomsarbeidar Eline Gregersen tlf. 454 83 455
Sokneprest vikar: Roald Byberg tlf. 400 38 028
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådslei ar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
Dagleg lei ar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no

Påsketidsvandring Time gravplass - Foto: privat

Utgitt av: Time kyrkjelege felle sråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad, Gunnar Bjorland Stone og Elisabeth S. Obrestad.
Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege felle sråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.
Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 12.mai

Til ettertanke



Får vi møte våre kjære igjen når vi dør?
Vi er mange som stiller dette spørsmålet. Og vi er mange som bærer med oss et håp. Døden tok fra oss noen av våre kjære. Vi ser dem ikke lengre. Vi hører ikke stemmene som vi satte så stor pris på. Ved kjøkkenbordet står den tomme stolen. Fraværet og tausheten har gitt oss en ny og annerledes hverdag. Tanken på at vi en gang skal bli gjenforent med dem døden tok fra oss, gir mye trøst. Dette er ikke en tanke som er tatt helt ut av luften, som en slags ønskedrøm. Vi finner tydelige spor i bibelen. Ett av sporene finner vi hos den hardt plagede Job. Han sitter sønderknust tilbake. Ribba for alt og alle. Så utbryter han:

«Eg veit at min utløysar lever. Som den siste skal han stå fram i støvet. Når huda er riven av meg og kjøtet er borte, skal eg sjå Gud. Mine auge ser, det er eg som får sjå han, ikkje ein framand» (Job 19,25-27a).

Med full styrke slår håpet gjennom hos Job. Håpet var antagelig knyttet til en oppreisning før døden. Han levde i troen på et nytt møte med Gud i sin levetid. Det fikk han også oppleve ifølge slutten av Jobs bok i Det gamle testamente. Det er likevel noe i ordene han utbryter som sprenger grensene for tid og evighet, for liv og død. Selv om Job på ingen måte unngikk lidelse, var han overbevist om at han en dag skulle møte sin utløser, det vil si, sin Gud. Han skulle møte Skaperen, ikke som en fremmed skikkelse, men som seg selv. Det skulle bli et personlig møte.

I den kristne tro er det Jesus, Guds Sønn, som er vår utløysar eller gjenløser. Døden var ikke sterk nok til å holde ham fast. Han sto opp av støvet og etterlot seg ei åpen og tom grav. Jesus var annerledes, men også den samme. Og han møtte sine kjære igjen.

Får vi møte våre kjære igjen når vi dør? Det er et viktig spørsmål for mange av oss. Vi kan i hvert fall lese om Jesus. Han er det viktigste sporet vi kan følge. Disiplene drar kjensel på han. Mesteren spiser sammen med dem som før korsfestelsen. Rundt Jesus møtes også hans kjære. Maria var fortsatt Maria. Peter var Peter. Og jeg tror at jeg skal få være meg den dag mine øyne ser Jesus.

Yngvar Nilsen
Sokneprest Time



PROST LARS SIGURD TJELLE
FOTO: TOVE MARIE SORTLAND

Medan verda skakar rundt oss, søker me til Jesus si liding, død og oppstode. Kva er det me søker?

Det opplagte er at me er på veg inn i dei viktigaste hendingane i heile kristentrua. Me søker stadfesting og styrke for trua vår. Korset står som eit merke for alt som er kristent, og det er ikkje tilfeldig. Når Jesus andar ut og gjev opp livet sitt, seier han at alt er fullbrakt. Det han kom for å gjera, det var dette. Ikkje under og mirakel, ikkje preiker og velgjerningar. Dei er òg viktige, men det var dette han kom for – døden på krossen. Soning for alle synder. Det er fullbrakt!

Oppstoda er stampelet på at det er

sant. Det var ikkje berre ein vanleg død, ei urettferdig likvidering av eit misforstått menneske. Det var ein opphøgd og kosmisk død med ringverknader i tid og æve. Og oppstoda er det himmelske stampelet. Dette skjedde som ein del av Herrens plan, frelse for alle, fridom frå synd og død. Oppstoda er førstegrøda, Jesus opnar vegen inn til det evige Guds rike. Døra er open, portane står på vidt gap: Kom heim, menneskeborn! Kom heim!

Det er det me søker – trua vår.

Men me søker òg ein som kan forstå. Me leitar etter den Gud som veit kva det vil seia å vera eit menneske som lid. Me søker forståing og solidaritet med dei som kjenner krig og smerte, flukt og redsle på sin eigen kropp. Kvar

er du, Gud, når alt dette skjer? Jo, der ser me Han, i Getsemane, medan sveitten renn som blod. Der ser me han, omgjeven av soldatar, tukta av pisk og stukk. Me ser han stillteiande ta imot folkets dom og hån. Me ser han vaklande på blodige føter under vekta av det tunge krosstreet. Me ser han løfta auga mot himmelen og ropa frå det djupaste mørker: «Min Gud, min Gud! Kvifor har du forlate meg?»

Det søker me òg – ein som har vore der før oss, ein som veit og forstår.

Kan hende vert mørket og lidinga og framtida litt lettare å møte då.

Men me søker òg hjelp. Me treng så sårt hjelp til å koma ut av det uføret me har vikla oss inn i. Me kan ikkje berre sitte stille og sjå på, me kan ikkje berre godta. Me vil at noko skal skje, noko nytt, noko som endrar kursen vår. Me veit ikkje kva, og heller ikkje korleis. Men me veit at me treng hjelp til å endra verda. Me ber om kraft frå det høge, frå Gud, Herre over liv og død, Herre over himmel og jord, hjelparen i all vår naud. Hjelp oss, Herre! Kyrie Eleison!

God påske!



Nåden er ditt kvardagskår

*T Johannes Møllehave 1985
O Til norsk 2011
M Martin Joachim Elmquist 1992*

Nåden er ditt kvardagskår,
nåden er det nære,
menneske som omgir deg,
nåden er å vere.

Nåden er kvar dag å få
Herrens kjærleiksgåve.
Nåden er kvar natt du kan
i Guds omsorg sove.

Nåden er eit ord frå Gud
som han let deg smake.
Nåden er når alt er tapt,
å få alt tilbake.

Nåden er kvar dag som går,
kvart tilfeldig møte.
Nåden er det nye liv
som står opp frå døde.

Utan håp og utan Gud
let vi døden råde.
Tru og håp og kjærleik blir
gitt av berre nåde.

Denne salmen hørde eg
for fyrste gong då NRK
sende programmet «Salmer
minutt for minutt». Det var
Rondane Gospelkor som
song frå «Vår Frues kirke» i
Trondheim.

Eg fekk delvis tak i teksten,
og måtte finne han opp i
salmeboka. Han står på nr.
500. Teksten er av danske
Johannes Møllerhaven
1985, og han kom på norsk
i 1911. Ordet «nåde» er
sentralt i songen, og nåden
er gitt oss som ei gåve, utan
vår fortjeneste. Særleg ei
strofe treffe meg: «Nåden
er når alt er tapt - å få alt
tilbake»

Jesu siger på korset over
død og grav, er vår siger!
Me syng også som det står
i Påskesalmen: «Jesus vant
og jeg har vunnet»

Jorunn Fosse



Velkommen til Påsketidsvandring på Time gravplass!

Dette er ei vandring som handlar
om Jesu oppstode frå dei døde.

«Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea» sa engelen til kvinnene ved grava. Desse orda gjeld oss: Jesus går føre oss. Han lyser opp vegane og dagane våre. Han gjev oss HÅP i liv og død. Denne vandringa med påsken sine håpstekstar oppstod i Italia i 1988 under namnet VIA LUCIS - LYSVEGEN. Sidan har ho spreidd seg utover i verda. Vandringa vår har bilete som er utført av Nordfjord-kunstnaren Magne V. Kristiansen. Plansjane er nummererte frå 1 – 14, og startar ved bårhuset, parkering på baksida av Time kyrkje. Det er fint om du går vandringa i denne rekkefølga.

God påske!



Hva betyr påsken for deg?

Astrid Fjeld

I påsken minnes vi at Jesus døde, MEN han stod opp igjen. Det har betydning for mitt liv å tro dette. Joh.3.16: "For så høyt har Gud elsket verden at han ga sin Sønn, den enbårne, for at hver den som tror på ham, ikke skal gå fortapt, men ha evig liv".

Å feire påske er å være sammen med familie og venner, gjerne turer ute og ha både appelsin og kvikklunsj med i sekken. Jeg hører gjerne gudsteneste på radio eller går i kirken. Det er mange nå som opplever krig og kriser i verden på toppen av pandemi i to år. Måtte vi kunne stå sammen og hjelpe hverandre og vise omsorg og trygghet.



Margunn H. Salmelid

ALT!

Påske er årets viktigaste høgtid for meg som kristen. Jesus elska oss så høgt at han kom til jorda for deg og meg. Han gav sitt liv for at me skulle få tilgjeving for alt det gale me har gjort, og eit håp om evig liv saman med han! Ei stor flott gåve - det er bare å ta imot!

I ungdommen var påske: påskeleir, skitur, Kvikklunsj og appelsin. I åra i Tanzania var det mange møte og gudstenester, lange og varme dagar på tur i bil. Ikkje minst møte med mange flotte menneske som hadde god tid!



Oline Høie Hetland

Før, då eg var yngre, betydde påske: familie, hytte, kos. Men seinare har eg sett at påska er byggjesteinen for alt me trur på, og påskehistoria er den viktigaste i Bibelen – der me hugsar på at Kristus døydde for oss. Elles i året kan det vera lett å gløyma seg av, men påska er ei fin tid å bli minna ekstra på påskebodskapen.



Linn Løge

Påsken betyr for meg at jeg får leve her på jorden uten å være redd for straff og for døden. Jesus valgte å ta på seg min skyld og gå i døden for meg. Det er fullstendig uforståelig og helt fantastisk. Jeg kan aldri få takket Ham nok!



Sukare Ana-Gurara

Påske betyr alt for meg og har en veldig stor plass i hjertet mitt! Det å kunne vite at Jesus elsker meg og alle andre så høyt at han gav sitt liv og døde på korset for våres synd er mye mer verdt enn alt annet på denne jorden. Han gav oss et evig liv og betalte våre synder, noe som me mennesker er aldri i stand til. Så er jeg evig takknemlig for å kunne feire påske sammen med familien og venner i et vakkert og fri land.



Unge, inspirerende medarbeidarar i Time kyrkje

I Time-kyrkja er me så heldige at me har blide, kjekke ungdommar som gode medarbeidarar. Dei trivst i arbeidet, og synest dei har gilde folk rundt seg.

TEKST: LIV HELENE HÅLAND

Oline hadde siste klokkar-søndagen sin 27. februar. Ho reiser bort for vidare utdanning til hausten. Problematikken er kjend for dagleg leiar i Time, Anna Bergitte Skårland. – Me veit at me misser dei om nokre år, men me ser stort på få ha dei den stunda me har. Dei gjer ein flott jobb mens dei er her, og får med seg viktig erfaring vidare. Sjølv om dei er unge, er Anna Bergitte imponert over kor flinke dei er.

Oline starta som klokkar i Bryne-kyrkja, etter sjølve gamle-klokkaren Leif Andenes. Seinare vart det altså teneste i Time, og ho ser med glede tilbake på klokkartida.

Elen Fosse har vore kyrkjetenar sidan august 2020. Det var søster hennar som såg at dei trong kyrkjetenar i Time-kyrkja, Elen søkte - og fekk jobben. Ho òg lét vel over arbeidsstaden, kjekk jobb og gilde folk rundt seg. Men ho òg er russ til våren - og reiser heilt til Tromsø til hausten. Difor er det spennande kven som vil overta. Elias Høie Hetland har vore vikar for henne.

Maren Dyngeland har fått prøvd seg som klokkar-vikar. Ho går i 10.klasse på Lye, og ho skal vera klokkar fram til ny klokkar er tilsett i fast stilling. Ho starta som vikar

Klokkar:
Oline Høie Hetland (russ i år)

Kyrkjetenar:
Elen Fosse (også russ i år)

Søndagsskulen:
Maren Dyngeland, Amalie Frøyland Grødem og Mathilde Stokka Andersen

sommaren 2021. Maren er òg med i gruppa som har søndagsskulen dei søndagane det gjeld. Med seg har ho Amalie Frøyland Grødem og Mathilde Stokka Andersen, også 10.klassingar. – Me storkosar oss! Alle rundt oss er så greie!

Anna Bergitte fortel at jobbane blir utlyste på facebook, og dei prøver å spreia det i ungdomsmiljøet når dei treng nye folk.

Musikalsk leiar i Time-kyrkja, Frode Skårland, har òg trufaste ungdommar med seg i musikk-gruppa på gudstenestene. I tillegg er det ei gruppe unge som trenar seg opp til å kunna overføra gudstenester på nett frå Time-kyrkja, så her er mange ungdommar i sving!

Til oss som går i Time-kyrkja: Ta gjerne kontakt med dei unge – og vis at me set pris på dei!



Øverst: Mathilde Stokka Andersen har fin kontakt på søndagsskulen på Kyrkjetoget
Foto: Anna Bergitte Skårland



Elias Høie Hetland er dyktig kyrkjetenar-vikar
Foto: Frode Skårland



Til høgre: Den flotte søndagsskulegjengen i Time kyrkje!
Fv.: Amalie Frøyland Grødem, Mathilde Stokka Andersen og Maren Dyngeland
Foto: Anne Frøyland Grødem

Til venstre
Ung, flink klokkar:
Oline Høie Hetland
Foto: Liv Helene Håland



Elen Fosse er smilande kyrkjetenar. Foto: Frode Skårland



Maren Dyngeland som god klokkar-vikar
Foto: Frode Skårland



Prosjektet “Ung i Time” har sidan 2019 etablert og utvikla gode møteplassar for unge kristne på Bryne, Lye og Undheim.

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD FOTO: PRIVAT

Asle Steinbru har vore tilsett som prosjektleiar. No har han ein fast 100%-stilling som Ungdomsleiar i Time – 60% i Bryne, 25% i Time og 15% på Undheim.

Du har snart hatt denne jobben i 3 år. Korleis har det vore?

– Det har vore tre spanande år som sjølv sagt har vore prega av pandemirestriksjonar - frå full nedstenging til meir og mindre strenge registreringsreglar.

Varden - ungdomsarbeidet på Lye starta opp våren 2019 og fekk etablert seg godt før pandemien. Martin Berge er ungdomsleiar. Her er det mellom førti og femti ungdommar som samlast. Sidan det no er felles ungdomsskule for Lye og Undheim, vandrar ungdommane mellom ungdomsgruppene. Ungdommane frå Fotland bedehus finn vegen både til Lye og Undheim.

På Bryne starta eg med å bli kjent med dei unge, fekk først samla ei lita gruppe, og me fekk etterkvart danna eit styre. UngFokus - Undomsarbeidet på Bryne - starta opp våren 2020 og har berre eksistert i koronatid. Gruppa har møte laurdagskveldar i partalsveke. Her møtest ca 15 unge - jamt fordelt mellom ungdomsskule og vidaregåande. Dei startar med eit kort møte, har så ulike sosiale aktivitetar og kiosk.

Asle er òg med i konfirmant-arbeidet i Bryne. Han synest det er kjekt. Konfirmantane kjem med veldig ulik ballast, men dei er interesserte og opne for gode samtalar. UKUF (Undheim



Asle Steinbru

kristelege ungdomsforening) har òg hatt korona som bakteppe etter arbeidet starta. UKUF samlar mellom tretti og førti ungdommar. Dei fleste er i ungdomsskulealder. På Undheim lagar personar knytte til kyrkja gratis mat til dei unge. Nintendo og bordtennis er populære aktivitetar. Eline Gregersen starta som ungdomsarbeidar hausten 2020.

Du snakka i intervjuet i 2019 om at ungdommar treng å bli sett, kva tenkjer du om det no?

– Det er blitt enda meir tydeleg i koronatid. Eg har hatt fleire enkeltsamtalar. Mange unge har følt seg einsame. Eg ynskjer å alltid vera tilgjengeleg for ungdommane, samstundes prøver eg å leggja til rette for samtalan på før- og ettermiddag. Puls er eit tilbod ein gong i månaden til ungdommar frå første vidaregåande og oppover. Mat, bibelundervisning, sosialt liv og seine kveldar er passande



Jærland - godt med ein strekk

stikkord. Pulssamlingane er på Lye og er opne for ungdommar i heile Time. Aksel Johan Lund – prest for unge vaksne - har ansvar for dette arbeidet.

Samarbeid

Varden har fredag i partalsveke som sin kveld. UngFokus møtest laurdag i partalsveke og UKUF har møte laurdag i oddetalsveke.

Ungdommane er mobile, og det har gjennom enkelttiltak og samarbeid mellom ungdomsgruppene skapt seg ein kultur – særleg for dei eldste – for å besøkja kvarandre. Nokre er òg engasjerte i fleire ungdomslag. Ungdomsgruppene har vore ulikt prega av pandemien. Terskel med påmelding har gjerne vore høg for nokre - kanskje spesielt for dei yngste som er mest avhengig av

om vennene kjem.

Alle gruppene – utanom Puls - er for unge frå 8. klasse og oppover. -Eg ser at det er ulik kultur mellom by og land. Dei eldste ungdommane på Bryne held gjerne ut til over midnatt, mens mange ungdommar på bygda vil tidleg i seng, for dei skal opp å “stedla”.

Dei tre ungdomsarbeidarane Asle, Martin og Eline arbeider tett.

– Me er eitt team, har felles kontor og kan og steppa inn for kvarandre. Dei tre gruppene har felles leiarweekend, og i vinterferien 2022 vart det arrangert Jærland med nesten seksti ungdommar på Lye Forsamlingshus -Me har planar om fleire fellestreff framover.

Samarbeid med ungdomsleiarar i andre forsamlingar på Bryne var etablert før pandemien. Det var då

faste treff, men dei er ikkje starta opp enda.

– Me har likevel god dialog, seier Asle.

Å vera ung i Time i dag

– Det er sjølv sagt samansett - me har ungdommar både frå by og land i gruppene. Det som er felles for ungdommane og ei stor utfordring for den enkelte, er “dei mange stemmer” rundt dei. Ulike stemmer som døgnet rundt kallar på deira merksemd. Me må fortelja om deira verdi i Guds auge. Den store informasjonsflaumen ungdommane står i, gjer at dei ikkje får reflektert over kven dei sjølve er og kva dei vil med livet sitt. Du må verkeleg vita kva du står for oppi eit slikt bombardement, seier Asle alvorleg.

Planar vidare

– Me ønskjer at dei tre



ungdomsgruppene skal stå saman, og at gruppene skal bli følgde godt opp og vera ein trygg stad for dei unge. Her skal dei få høyra om Jesus. Me planlegg felles leiartrening til hausten. Eg trur at det beste ligg framfor oss og at me har mykje spennande i vente i åra som kjem. Jærsk ungdom er kremen, avsluttar Asle.

Bagasjen me ber...

NRK fylgjer ikkje sitt eige program lenger.
Eitt tema overskygger alt anna: Krig i Europa.

TEKST: ELSE-MARIE BUE

Redaksjonen hadde gitt meg ei anna overskrift for dette nummeret av Helgedagen, men nå fylgjer ikkje eg heller fastsett program. Avisoverskrifter, radio og TV lammar oss. Frå sidelinja er me augnevitne til ein katastrofe som går og går døgnet rundt.


Sjølv har eg i tillegg vorte sørgeleg klar over at min eigen bagasje frå 2. verdskrig lever i beste velgåande. Mi forteljing kan på ingen måte samanliknast med grusomhetene me ser og høyrer om nå. Frå Ukraina får ikkje folk flykta som familiar. Far og ektefelle må vera igjen og kjempa. Familien skil lag, gamle orkar ikkje reisa, og døgnet rundt lever alle i frykt.

Mine minne om krig i fedrelandet lever nå innabords, saman med aktuell informasjon. Eg var på veg inn i mitt sjette år då tyskarane inntok Sola 9. april 1940. Frå ein åskam nær garden vår kunne me sjå til den vesle flystripa på Sola, opna av kong Haakon VII i 1937. Veit ikkje kva eg forstod då grå-svarte fly landa fallskjermtropper på flate Solagardane. Men "biletet" ber eg. At det gjorde meg til flyktningbarn for seks år framover, vart ein realitet etter kvart. I all hast vart me frakta på lastebilplanet til tante og onkel Høgemark på Helland, høgt oppe i Gjesdal. Far åleine måtte snu heimover. Der var kyr på bås og griser som trong stell. Nøyaktig kva me visste før me møtte far igjen, og kor lang tid det gjekk, veit eg ikkje. Telefon var ikkje alle manns eige på den tida, så det var nok døgn i stor uvisse. Redde menneske kom jamt oppover

gjennom lyngmarkene til gardane på Helland. Også det er eit "biletet" eg ber.

Nå er eg fast busett i kommunen som tok imot oss då tyskarane tok seg til rette på vår gard i 1940. Mange bønder i Sola dreiv kuflokkane sørover langs hovudvegen. Våre kyr, som greidde strabasane desse april dagane, hamna hos Berta og Erik Holen i Time. Der fekk familien husrom, og kyrne kunne gå i utmarka heile sommaren og hausten. Gode minne har eg om tunet i Holen og born som leika. Hugsar også eit stort vatn. Bada me der ? Det var i alle fall stas å vera med mor og moster når dei sat på fjoskrakken og mjølka kyrne i utmarka. Mattilsynet eksisterte ikkje då. Vidare i krigstida og fram til våren 1946, forpakta foreldra mine prestegarden i Klepp. Ettersom prestebustaden hadde stor stall, og forpaktarhuset to stover, hadde me i periodar tyskarar heilt innpå oss. Brønnhuset i løa vart brukt til storkjøkken. Utanfor stod soldatar i kø med matboksen sin når dagsrasjonen var klar. Den eine stova vår var offisersmesse på kveldstid. For å koma dit, gjekk vegen gjennom kjøkken.

Dei vaksne forstod nok at ikkje alle i uniform var tøffingar. Mange ynskte seg helst til ein annan stad. Kanskje er det grunnen til at me borna ikkje var redde støtt. Mor fortalde i årevis varmt om Attenåringen. På sine vaktøktar svinga han ofte innom trappa, fekk ein kopp mjølk og felte ei tåre.



Heimen til Berta og Erik Holen i 1940.
Foto: privat Inger Marie Holen

Minne om min eigen skuledebut
Som lærar vart minnet om min eigen skuledebut sterkt når eg tok i mot elevar til første klasse. For mine førsteklassingar var det god stemning i skulegarden, flagget til topps og blide barn pynta for den store dagen. Foreldre vrimla rundt, helste og drøste. Dei var også på sidelinja i klasseromet då hovudpersonen stolt var sessa ved sin pult med fin namnelapp på. Min skulestart var noko heilt anna. Eg hadde grua meg og var bare redd då mor sykla meg til Horpestad skule. Foreldre skulle ikkje vera med inn. Så stod eg, flyktningbarnet, att i skulegarden utan ei hand å halda i. Frykten tok styringa. Eg rømde ned ei kjellartrapp like ved inngangen, klamra meg til døra og bare grein. Sterke hender fekk omsider benka meg i skulestova. Lærarinna si melding heim var: *Eg har aldri opplevd noko liknande!*

Då tyskarane i åra som fylgde trong meir plass og tok skulen i bruk, hadde me først skule i bedehuset. Men også det fekk tyskarane bruk for. Gilde folk frå to nabogardar på Friestad tok då i mot oss i stovene sine. På biblioteket i Klepp såg eg for nokre år sidan i ei gamal, stor dagbok frå Horpestad skule at sjølvaste 17. mai var vanleg skuledag i krigsåra, altså ikkje fest og flagg. Eit einaste lite norsk flagg har eg minne om. Det skjedde antakeleg då krigen gjekk mot slutten. Ein eldre mann, slektning frå Kristiansand, kom uventa gåande ned bakken til prestegarden. Frå god avstand tok han eit lite flagg frå innerlomma og vifta med det ein augneblink, utan ord.

Flyktningar kjem til oss
Kjem! Dei vert til og med henta. Nestekjærleiken har ikkje grenser når urettferda vert stor. Ukrainarane vert godt mottekne. Materielt sett opplever dei omsorg på alle

kanter. Det norske velferds-systemet er i høgberedskap: Husrom og heim, tilpassa barnehageplass, skulane må vera førebudde, osv. Men bagasjen dei ber er skræmmande tung. Etter ei brå avreise frå heimlandet roterer nok tankeverna heile tida: - *Korleis har dei det nå? - dei næraste i familien, vener, heimen min?* I det nuet eg set punktum her, medan sola skin og det vårast på Jæren, kan heimar bli jamna med jorda i Ukraina, Europas nest største land: born bli drepne, skadde, - - sjukehus bomba sønder og saman. Kva med alt det basale for denne dagen ? - elektrisitet, mat, medisiner, vatn?

Ved Fjære kirke jeg så en grav, - - - Der stod "Thærie Wiighen" med hvidmalt skrift, samt aaret han hvile fandt, skriv Henrik Ibsen (1861), og minner oss om vonde tider.



Minnestøtta ved Time kyrkje
foto: Frode Skårland

Ved Time kyrkje det er ei grav, kan me fortsetja. I ly av kyrkjeveggen er fellesgrava for fem unge menn frå Time som vart brutalt avretta i Trandumskogen i 1942. Dette er bagasje og blad i minneboka for slekter i vårt område.

Nå blør Europa igjen. På scenen er det bare taparar.
Salmen som er omtala på side 16 tek oss inn i denne situasjonen.

Vers 3 lyder slik:

3. Hjerte blir hardt, Terror og tårer, Angst for de andre er blitt vår del. Tillit er tapt, grådighet hersker. Krig og konflikter knuger vår sjel.

NoS nr 727



Velkommen til konfirmasjon

Ei tid for fellesskap og til å tenke sjølv.

TEKST: INGFRID TIME NÆRLAND, KATEKET

Neste år kan du feire konfirmasjonsdagen din i ei av kyrkjene våre:

**Bryne kyrkje: 29.04, 30.04, 13.05,
Time kyrkje: 07.05, Undheim
kyrkje: 14.05**

I konfirmasjonstida er det rom for å utforske mange viktige sider av livet saman med andre. Som konfirmant får du lære meir om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda du er ein del av. Vi håper du vil vere konfirmant hjå oss!

KVA ER KONFIRMASJON?

Ordet konfirmasjon kan bety både «å bekrefte» og «å gjere sterk». Eit høgdepunkt i konfirmasjons-gudstenesta er når det blir bedt ei bøn for deg. I bøna ber vi Gud om å velsigne deg og å styrke deg på din veg vidare i livet. Det viktigaste med konfirmasjonstida er å vere ein del av eit fellesskap og bli bedre kjent med den kristne trua. Konfirmasjonen er ei påminning om at Gud i dåpen sa ja til å vere ein del av ditt liv.

KONFIRMASJON ER FOR ALLE

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja - både du som trur, tvilar, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig. Alle menneske er ulike, og treng ulike tilpassingar. Uansett



funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Har du behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt med kyrkja.

KONFIRMASJON OG DÅP

Er du ikkje døypt og lurar på om du likevel kan bli konfirmert i kyrkja? Klart du kan, og du er heller ikkje ålene! Over tusen ungdommar vert kvart år døypte i forkant av konfirmasjonen. Du får god informasjon på førehand og på sjølv dåpsdagen har du med deg dine næraste i ein fin seremoni.

PÅMELDING

Gå inn på www.time-kyrkja.no og fyll ut skjema for innskriving under fana **Konfirmant 2023**.

Påmelding opnar 18.05 kl 12.00.

Frist for å melde seg på er 23.06.

Velkommen som konfirmant!



Brynekonfirmantane Lean Undheim og Anne Haukland tykkjer konfirmanttida så langt har vore kjekk. Anne syns det var ekstra kjekt å dramatisere ei modernisert utgåve av den barmhjertige samaritan og det å starte konfirmantsamlingane med å ete boller. Lean gler seg særleg til å reise på konfleir. Foto: Asle Steinbru

10 gode grunnar til å vere konfirmant i kyrkja

1. Du får oppleve kva kristen tru er. Det er meir enn eit skulefag.
2. Konfirmasjonsdagen er berre din, og du har ein dag der du blir bekrefta for den du er.
3. Du får oppleve eit nytt fellesskap med andre på samlingar, leir eller weekend, og bli kjent med fleire.
4. Du får engasjere deg for andre menneske. Du får også lære kva vi kan gjere for å ta vare på jorda og klimaet vårt.
5. På konfirmasjonsdagen får dei som er glad i deg feire deg.
6. Du får tid til å reflektere over store spørsmål, og bli kjent med kva du trur på – og kva som er viktig for deg.
7. I konfirmasjonstida pratar vi om sorg og glede, om livets store og små spørsmål.
8. Du får tid til å reflektere, tenke kritisk og sjølvstendig om tru og kva kristendom er.
9. Du blir del av eit større fellesskap. Berre sjå på #konfirmantene på TikTok!
10. Du møter folk med ulike meiningar, og saman med dei lærer de noko felles.

Bryne kyrkje
lauddag 30. april kl 11.00
Emma Bjelland
Nora Bjelland
Thea Bjelland
Richard Cook Nordmark Frøiland
Ingrid Helgeland
Thomas Høiland
Ingrid Marthinsen
Tuva Mehus
Mathilde Nandrup Melhus
Maria Stueland Mikkelsen
Hedda Stangeland Opsvik
Lukas Paulsen
Semine Sørdal Ree
Lukas Midttun Solberg
Linus Solheim
Selma Steen-Hansen
Bjørnar Sunde
Ernst Olav Aavitsland Tellenes
Lean Undheim
Andreas Vold

Bryne kyrkje
lauddag 30. april kl 13.00
Marie Sandvik Bernt
Anders Bjerkevoll
Ingebjørg Ødegård Bohne
Ane Bill Fjermestad
Bjarte Høyland Grødeland
Elise Grødeland
Marius Espinosa Haugstad
Isabelle Jacobsen
Hannah Jansson
Tobias Undheim Johannessen
Tara Klepp
Viljar Randolph Kjærland Larsen
Ådne Kristiansen Nordås
Kaja Husveg Ramstad
Torjus Pollestad Randa
Thea Folkvord Steinsland
Kristian Hodne Tveit
Adrian Bergene Undheim
Ole Tobias Varhaug
Oda Winther-Ugland

Bryne kyrkje
lauddag 14. mai kl 11.00
Kasper Aure Alsvik
Sondre Oltesvik Bore
Vette Mellemstrand Bore
Mari Etagegne Bryne
Noah Seland Egeland
Oskar Ur Fotland
Karsten Førland

Bjørnar Heigre Gjerdevik
Aud Elin Heskje
Kirsti Steinsland Hognestad
Sander Håland
Mari Bore Salte
Nicolai Steen
Marcus Steen
Nikolai Nordås Steinsland
Håkon Tveit
Alida Vindenes
Tobias Vollsund
Rein Vaaland
Emma Vabø Øie

Bryne kyrkje
lauddag 14. mai kl 13.00
Tsion Dawi Amentea
Theodor Bergevik Berg
Maud Victoria Berntsen
Sofia Bjelland
Melissa Forberg Da Silva
Mathias Engedal
Victoria Haugan
Tønnes Hallgrim Skrudland
Hetland
Mads Olav Berge Hobberstad
Marlen Aarsvoll Horpestad
Emilie Høyland Joranger
Maylén Andresen Korneliussen
Fredrik Kåstad
Maren Mæland Larsen
Oda Lunåsmo
Sigrid Sperrevik Paulsen
Marius Pedersen Schmidt
David Svalestad
Mari Eeg Tunes
Kasper Klovning Ueland
Astrid Haugland Ødemotland

Bryne
søndag 15. mai kl 11.00
Marlen Amundsen
Herman Øvrebø Byberg
Emilie Erga Hauge
Sarah Helen Nygård Haugstad
Anne Haukland
Erik Hinnaland

Sondre Løge
Malene Rikstad
Filip Alvestad Slettebø
Jesper Undheim

Time kyrkje
søndag 8. mai 10.30
Henrik Alvern
Vegard Stokka Andersen
Ola Jensen Bergene
Julie Angelica Clementsen Byberg
Tor Grødem-Bø
Borghild Hanssen
Marta Høie Holen
Espen Håland
Marie Tjensvoll Jensen
Angelica Haylee Larsen
Tiril Skrudland
Rebecka Yri

Time kyrkje
søndag 8. mai kl 12.30
Thea Birgitte Solfeld Aune
Sverre Pedersen Bjerre
Tiril Bærheim
Nora Fjellanger
Heidi Hjelleften
Adrian Holtet
Vette Jess
Max Alexander Kamov
Eli Rosseland Salte
Tord Stensland
Frida Danielsen Thompson
Johannes Time
Robin Forfod Vestly
Terje Sanchez Vestly
Liv Erichsen Øverland

Undheim kyrkje
søndag 1. mai kl 10.30
Inger Eikeland
Sem Josef Karlsen
Theodor Tjåland Liverud
Adrian Tunheim Mauland
Emilie Adhiambo Oyamo
Anne Risa
Helle Risa
Tord Sikveland

Trafikalt grunnkurs

Bryne Bil & MC Skole

Erlandsbakken 4, 4349 Bryne, Tlf. 51 48 25 10



Helgedagen - for 50 år sidan

Menighetsfakultetet sitt nybygg
Fleirtalet av prestane i kyrkja vår blir utdane ved Menighetsfakultetet. Til saman har 1674 kandidatar gått ut frå MF gjennom åra. I dag er det ein alvorleg prestemangel i Noreg, og meir enn nokon gong er det om å gjera å få utdane prestar. I denne stoda gir det von når MFs nybygg i næraste framtid blir tatt i bruk. Det gamle MF har vore sprengt og har gitt dårlege arbeids-tilhøve for dei vertande prestane. Det nye bygget, som er på 7700 kvm og ligg nær Blindern-universitetet, vil gi heilt andre studietilhøve. MF har og røynd at det er dyrt å byggja i dag. Men byggesaka har fått sterk stønad utover i kyrkjelydane. Til nå har det kome inn ca. 8,8 mill. kroner. Og i vigslingsåret 1972 reknar innsamlingssjefen, sokneprest Rolf Næss, med at straumen av gæver vil auke enda meir. Menighetsfakultetet har ein viktig plass i kyrkja sitt liv, av di MF har som oppgåve å utdane prestar. Det er gledeleg å sjå kor mange som nyttar postgirokonto 48, seier Næss.

Diakoni i velferds-samfunnet
Treng vi diakoni i det moderne samfunnet vårt? Skal ikkje kyrkjelyden nøyast med å forkynne evangeliet og overlata til velferdssamfunnet å syta for den sosiale omsorg, som vi alle betalar for?

Slike spørsmål blir titt reist, og dei krev svar. For dersom vi ikkje får svar, kvifor skal vi da streva med menighetspleie, innsamlingar, møte og planar som tek så mykje tid og pengar? Eit svar kan vi gi slik: Vi gler oss over at den offentlege sosialomsorg blir utbygd. Samstundes ser vi at diakoni er like turvande som nokon gong, av di det er så mange menneske og tilhøve som fell utanfor den offentlige omsorgen. Vil vi nytta litt fleire ord, kan vi setja kyrkja si diakoni inn i det moderne velferdssamfunnet vårt slik: — Diakoni-arbeidet i kyrkjelyden er ikkje noko utanom den offentlege sosialomsorgen, men ein del av den. Gjennom dei samarbeids-skipnadane som er gjort mellom stat, kommune og frivillige organisasjonar — mellom dei menighetspleie og diakonat — blir kyrkja si diakoniteneste ein del av den offentlege sosialomsorgen. Ordningane gir og utveg til ein viss offentlig stønad til kyrkjeleg diakoniarbeid. — Diakoniarbeidet skulle vera noko sjølvsgatt, av di diakoni er ein livsfunksjon i den kristne kyrkjelyden. Ein kyrkjelyd utan diakoni er ein invalidisert kyrkjelyd. På same viset som den praktiske tenesta var ein del av Jesu gjerning medan han var her på jorda, er og diakonien ein del av den kristne kyrkjelyden sitt liv. Guds kjærleik — openberra i Jesus Kristus — er ein tenande kjærleik. Han nøyast ikkje med ord, men syner seg i handling. Vi kan såleis gi ei dobbeltgrunn-gjeving for ei organisert kristen teneste gjennom diakoni-arbeidet: — Det er mange i samfunnet vårt som treng kyrkja si diakoniteneste. Og kyrkjelyden treng diakonien for å vera ein rett kyrkjelyd.

Gi til NMS – få skattefradrag!

Det Norske Misjonsselskap

BRØBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no



Kyrkjemiddag – for store og små

Endeleg startar me opp med Kyrkjemiddag - for store og små i Brynekyrkja. Det blir middag for heile familien, med samling og aktivitetar for dei minste.


Fredag 20. mai kl. 17:00-19:00 i

Brynekyrkja. Det blir middag, og me får besøk av Elin Flystveit Riska frå NMSU som leiar oss i program og aktivitetar. Håpar mange vil koma, velkommen. Hugs påmelding på www.brynekyrkja.pameldinger.no

Me har allereie hatt oppstartssamling rett før Helgedagen kom i posten, fredag 1. april. Følg med for nye datoar til hausten. Pris: Me vil gjera dette til eit nesten gratistilbod, men det er ein årleg medlemskontingent på kr 50 pr. barn, då inkluderer det middag og aktivitetar både for barn og foreldre/besteforeldre/andre vaksne heile året. (Arrangement blir innmeldt som lokallag i NMSU og mottar Frifondstøtte på bakgrunn av medlemskontingenten.)

Velkommen, helsing Brynekyrkja





Denne boka gir fylldig innleiing til kvar av dei 899 salmene i Norsk salmebok 2013.

STEVNEMØTE MED SALMEBOKA

TEKST: ELSE MARIE BUE

NOS NR. 727

Lysenes Gud, kjærlighets kilde. "Love is your way, love is your nature" heiter salmen på originalspråket.

Forfattere av denne salmen, Shirley Erena Murray, (1931 - 2020) er frå New Zealand og har vore blant dei fremste salmediktarene i mange år. Ho har arbeidd med forskning og undervisning. På 1970-talet begynte ho å skriva salmar. Fleire har blitt omsette til ulike asiatiske og europeiske språk. I 2015 var ho representert i meir enn 140 salmebøker på verdsbasis. I vår salmebok finn me fire av hennar salmar.

I Stevnemøte med Salmeboka skriv Vidar Kristensen fylgjande:
- - Salmene til Murray er ofte svært aktuelle. Hun skriver om menneskerettigheter, om vern av skaperverket, om barns oppvekstkår, om vold mot kvinner, og - som i denne salmen - om maktmisbruk, terror, krig og grådighet. Den peker på hvordan vi setter til side kjærligheten på område etter område, slik at relasjoner ødelegges og det gode livet går tapt. Svenske Per Harling har skrevet melodien. Det forteller mye om dagens internasjonale salmearena at tekstforfatter og komponist bor så langt fra hverandre som det er mulig å gjøre på denne kloden.

Bøneboka – frå nr. 145

For alle som pines av det vonde som har rammet dem,
tenner vi et lys
og ber om at de må få kraft til å bære det.
For alle som har mistet noen som sto dem nær,
tenner vi et lys
og ber om at de må oppleve omsorg i smerten.
For alle som har mistet hjem og næringsgrunnlag,
tenner vi et lys
og ber om at de må få hjelp til å bygge en ny tilværelse.
For alle barn som lever i angst for dagene som kommer,
tenner vi et lys
og ber om at de må få håp for framtida.

Vidar Christensen (1956-)
etter tsunamien i Sørøst-Asia romjulen 2004



EIENDOMSMEGLER KROGSVEEN JÆREN

Vurderer du å selge bolig?

Våre dyktige og lokalkjente meglere gir deg rådene du trenger for et raskt og lønnsomt salg. Vi kartlegger alle boligsøkere i markedet systematisk, og vet hvem som jakter på din type bolig. Det gjør det enklere å få flere folk på visning, flere budgivere og oppnå bedre pris. **Vurderer du å flytte?** Snakk med oss og finn ut hvor mange potensielle kjøpere vi har til din bolig akkurat nå.

Krogsveen Jæren Tlf: 51 97 19 74



Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne
Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata



FRETEX butikk Bryne
Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Vi tar imot og sel:
Møbler, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Vi tar også imot stumper av stearinlys.
Telefon 400 37 151

Opningstider:
mandag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00

Vi tar imot og sel:
Klede, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, møblar, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Vi tar også imot stumper av stearinlys.
Telefon 922 09 638

Opningstider: mandag stengt
tysdag-fredag 10.00-16.00, laurdag 11.00-15.00

Komande arrangement i regi av trusopplæringa

Babysong

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong. Velkommen til ei hyggeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær.

Time

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage, om lag annankvar onsdag. Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca. kl. 10.30-11.00.

Undheim

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen kl. 10.30-11.00 om lag annankvar onsdag.

Bryne

I Brynekyrkja har me babysong-kurs som går over 8 gonger. Me møtes torsdagar kl. 10.15 i kyrkjesalen.

Me har påmelding til babysong alle stader:

Bryne: pameldinger.no/e/lovztt

Time: pameldinger.no/e/xbrtd

Undheim: pameldinger.no/e/wdnzmg



Pinsefart

I mai/juni vil me invitere 2. klassingane til å vera med på pinsefart. Frå Kristi Himmelfart via pinse og ut i heile verda - i full fart!

Kva har ballongar og popcorn med Den heilage Ande å gjere?



Kva er koden for å finne skatten? Kven er på vinnarlaget? Kor blei Jesus av etter Kristi Himmelfart, og kor er han nå? Når har kyrkja bursdag? Det er mykje spennande me skal finne ut av i løpet av tre innhaldsrrike samlingar. Aktivitet inne og ute, samling, laging, vindsus, ballongleik og mykje meir – dette blir kjekt. Invitasjonar vert sende ut.

På sporet av Jesus

Alle 4. klassingane (frå Bryne, Time og Undheim) får invitasjon til «På sporet av Jesus» i Undheim kyrkje 11. juni kl. 12.00-15.00.) Her vil dei få møte kjende personar frå bibelforteljingane i Det nye testamentet. Ut frå det dei fortel, vil me kanskje finne meir ut om korleis Jesus møtte folk og kven Jesus er. Til slutt avsluttar me med tacofest. Velkommen til ein kjekk og spennande dag i kyrkja!

Invitasjonar vert sende ut.



Barnemesse

Onsdag 4. mai kl. 17:00 i Bryne kyrkje. Dette er ei vandringsgudsteneste for familiar, tilrettelagt for små barn. Barnemessa er felles for Bryne, Time og Undheim. Me startar med pølsemiddag, og fortset med ein vandring i kyrkjerommet med bibeltekst, lystenning, song og nattverd, alt på borna sine premisser.



4-åringane i Time og Undheim får også invitasjon til hausten.

Kyrkjemiddag - Bryne

Endeleg startar me opp med «Kyrkjemiddag - for store og små i Brynekyrkja».

Det blir middag for heile familien, med samling og aktivitetar for dei minste.

Fredag 20. mai kl. 17:00-19:00 i Brynekyrkja. Sjå eigen annonse.

Barnebibel til 4-åringane

4-åringane som høyrer til i Bryne sokn vil få invitasjon til 4-årsklubb med to samlingar, 26. april og 3. mai, og til gudsteneste søndag 8. mai, der dei får kvar sin flotte barnebibel.

Dei som er fødte første halvdel av året får etter planen invitasjon mot slutten av våren, medan dei som har bursdag mellom juli og desember får invitasjon til hausten.

Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdier.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



Barnemesse

Onsdag 4. mai, kl. 17:00

Nå startar me opp med barnemesse - ei vandringsgudsteneste for familiar, tilrettelagt for små barn. Barnemessa er felles for Bryne, Time og Undheim, og blir i Bryne kyrkje.

Me startar opp kl. 17:00 med pølsemiddag. Etterpå vandrar me saman frå stasjon til stasjon inne i kyrkjerommet og får bli med inn i ein Bibeltekst, tenne lys, synge og motta nattverd. Barnemessa inneheld alt ei gudsteneste er, nå på borna sine premisser.

Velkommen

FØLG OSS GJERNE PÅ:

<https://www.facebook.com/trusopplaringbrynetimeundheim>

Nye fine illustrasjonar til bruk i trusopplæringa

Tusen takk til Anne Grete Kjølsvik som har laga nydelege illustrasjonar til oss. Me gler oss til å kunne dele dei med born og unge i Bryne, Time og Undheim.



Helsing kyrkjelydspedagogane Ragnhild Hanssen og Tone Vold



SKAPARVERKET

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD.
Kusymre (Primula vulgaris) er ei vakker plante som mange held av. Her på Jæren er det vanleg å kalla henne kusommar. Truleg fortel namnet at det er tid for vårslepp når kusymra blømer. Det latinske slektsnamnet Primula tyder “den fyrste om våren”.



I Norge finn ein kusymre spreitt langs kysten frå Agder til Trøndelag. I Time er det fleire lokalitetar. Sjansen for å finna henne er størst om du leiter på lune stader i lauvskog. Finn du henne, så nyt synet, men la ho stå i fred. Det kan vera fristande å finna fram spaden og ta heile planta med heim til eigen hage. Kjøp heller ein av dei mange fargevariantane av Primula som du kan kjøpa på eitkvart hagesenter! Kusymra høyrer heime ute i naturen.

I tidlegare tider var det vanleg å nytta kusymre som medisinplante. Både blomar og blad skulle verka

blodreinsande, slim- og krampeløysande. Planta har òg vore nytta som middel mot innvollsorm og som brekkmiddel!

Hjernetrim

HelgeKryssord 2/22


(Kryssordet er laga av Gabriel Tengsareid)

Vassrett

- 1. Ikkje nede
- 4. Lite hus
- 6. Notabene
- 9. Trekkje
- 11. Påskesalme
- 12. Topp
- 13. Ekteskap
- 15. Nabobokstavar
- 16. Nestkommanderande
- 17. Leggje merke til
- 19. Krem
- 20. Reiskapsliknande flintstykke
- 22. By i Marokko
- 23. Grønt belegg
- 25. Protractinium
- 26. Eksisterer
- 27. Sint
- 29. Toalett
- 30. Kaldt stoff
- 31. Reiskap
- 33. Pengespel
- 34. Ytra
- 35. Midtlinja
- 36. Undersøkje

Loddrett

- 2. Kristen høgtid
- 3. Bygd i Eigersund
- 4. Land i Europa
- 5. Lytefri
- 6. Konjunksjon
- 7. Kave
- 8. Kunstreininga
- 9. Konge i Israel (GT)
- 10. Himmellekam
- 11. Høgtid til minne om Den Heilage Ande
- 14. Vi
- 18. Fjellområde
- 21. Avlangt kar
- 22. Sovetida
- 24. Stamfar i GT
- 28. Herskapeleg eigedom
- 30. Havdyret
- 32. Pronomen



Løysing Helge-
kryssord - 1/22

S	Æ	L	E	→	D	E	I	→	S	O	M	↓	S
A	R	↓	K	A	L	L	A	S	T	↓	I	S	E
B	L	↓	V	R	E	N	G	I	N	G	S	K	I
B	E	L	A	S	T	A	G	L	A	U	T	A	N
A	G	A	T	A	T	A	B	O	N	D	E	P	H
T	S	K	O	R	E	N	U	A	N	S	A	E	A
A	K	S	R	I	R	N	R	O	B	↓	M	R	U
S	A	↓	I	E	D	←	,	D	E	R	F	↓	S
S	P	I	O	N	S	A	T	E	L	L	I	T	T



BARNAS

Finn namn på 10 instrument!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 forskjellige musikkinstrument. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

U	K	U	L	E	L	E	T	I	F
S	T	I	F	I	T	R	U	T	U
M	R	S	O	T	E	I	B	I	T
K	O	N	T	R	A	B	A	S	S
Å	M	Ø	R	O	M	A	T	I	A
P	B	B	O	M	O	P	Ø	M	T
O	O	A	M	M	G	I	T	A	R
D	N	L	P	E	R	A	S	T	U
E	E	L	E	R	Ø	N	U	A	T
L	A	O	T	F	I	O	L	I	N
Y	F	L	Ø	Y	T	E	K	R	Å

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg Jesus



– Pappa må vere kjempegammal.
– Jaså? Kvifor trur du det?

– Fordi brannalarmen gjekk då han bles ut alle lysa på kaka.

Vitsar

Så var det fyrvaktaren som fekk sparken. Han bruka å skru av lyset før han gjekk og la seg.

Finn fem feil!

Her gir Jesus brød til fem tusen. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Claudia Chiaravalotti



Ledige stillingar

Barne- og familiearbeidar 50% prosjekt i to år, høve for fast tilsetting Lye forsamlingshus

Time sokneråd opprettar denne nye stillinga for å styrke søndagsskulearbeidet og bygge fellesskap mellom barnefamiliar i kyrkjelyden på Lye. Den tilsette får vere med å skape eit miljø der barna kan få trivast og kjenne seg heime i kyrkjelyden.

Søknadsfrist: 15. april

Sjå full utlysingstekst og søknadsskjema her: lyeforsamlingshus.no



Kyrkjetenar

Vår gode kyrkjetenar skal flytte til hausten, og vi er difor på jakt etter ein person som kan ta over som kyrkjetenar i Time kyrkje. Stillinga inneber arbeid ved gudstenester og evt. vigsler ca. annakvar helg. I tillegg kan det dukka opp behov ved sjukefråvær og feriar. Du må ha litt teknisk innsikt, då kyrkjetenar har ansvar for å styre lyd og bilete. I tillegg må du ha ein viss sans for å halde det reint og ryddig.

Er du interessert, send ein e-post til abs@timekyrkja.no innan 15. april.

Klokkar

Vår gode klokkar skal flytte til hausten, og vi er difor på jakt etter ein person som kan ta over som klokkar i Time kyrkje. Dette er ein jobb som inneber å vere presten sin hjelper i gudstenester, og passar perfekt for ein som likar å snakka i mikrofon og som vil ha ein jobb på sida av studium. Du bind deg til å arbeide annankvar sundag og i høgtider.

Er du interessert, send ein e-post til abs@timekyrkja.no innan 15. april.



Fredagskveld på Kyrkjetorget Time kyrkje 17. juni kl. 20-22

Ingrid Vinningland er kveldens gjest Songgruppa Shalom.

Fredagskveldane på Kyrkjetorget er samlingar med tid til drøs, uformelt program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat som me set på fellesbordet. Komiteen ordnar kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomitéen

Fotland Bedehus:

VÅRFEST

Laurdag 23.april kl.19.00

Program:

- Lina Sandell i ord og tonar v/Oddny Underhaug & Jærklang
- Andakt v/Endre Bjelland
- Matøkt m/ god kveldsmat

Alle velkomne



Kyrkjelyden hjelper til med å finna fosterheimar

Me er svært glade for at kyrkja vil samarbeida med oss om å finna fosterheimar til barn og ungdom som ikkje kan bu heime lenger. Eg veit også at det er mange gode og omsorgsfulle familiar som er aktive i kyrkjelydane i fylket. Me vil forsøkja å medverka til å spreia informasjon om trongen for nye heimar rundt om i fylket, og invitera interesserte til samtale med ein av våre rådgjevarar eller til informasjonsmøte, seier Østerhus einingsleiar i fosterheimstenesta, som er ein del av Bufetat, region vest.

Kven kan verta fosterheim?

Fosterbarn er ulike. Difor treng dei også ulike fosterfamiliar, både når det gjeld mennesketypar, interesser og utdanning. Fosterheimar må kunna gje vanleg god omsorg og tilby ein stabil heim. Menneske som er interesserte i å finna ut om dei passar for dette, kan ta kontakt med oss, så finn

me ut av det saman. Det er også viktig å finna ein god match og sjå kva for barn som passar hjå ulike familiar, seier Østerhus.

Fakta om fosterheimar:

- Den norske kyrkja har avtalt med Bufetat å vera ambassadør for fosterheimar. Informasjon er ein viktig del av avtalen.
- Det finst tre typar heimar: Kommunal fosterheim, familieheim og beredskapsheim.
- Barna som treng fosterheim i Rogaland, er veldig forskjellige, ikkje minst i alder. Men dei fleste er i skulealder. Les meir om dei her.
- Fosterforeldra i kommunale heimar er heime på fulltid nokre månader eller lenger etter at barnet har flytta inn. Deretter byrjar dei som regel i jobb igjen. I familieheimar er ein vaksen kjøpt fri til på vera fosterforelder på fulltid.
- I Rogaland er det rundt 1000 fosterheimar.
- Meir informasjon på fosterhjem.no.

Diakonien Dag Velkommen



Mange barn i Rogaland treng ein ny heim i ein periode eller til dei vert vaksne. Time Kyrkjelyd vil hjelpa fosterheimstenesta.



Gudsteneste kl 11:00
Time Kyrkje 24 april 2022



GRØN DAG i kyrkjeparken ved Undheim kyrkje

Laurdag 7. mai KL.11- 13.30

Dagane er blitt lengre, lysare og varmare. Frø som er lagde i jorda, spirer. Småplanter veks og utviklar seg, og etter kvart er mange klare til utplanting i bed, plantekassar, krukke og drivhus. Dei fleste plantene som er til sals i kyrkjeparken, kan du bruka i eige kosthald. Dei andre til pynt i hagen eller i stova.

Det vert òg sal av bakverk, handarbeid, blomsterkassar, krukkebrett m.m.
I tillegg kan du nyta både brennenesle-suppe, foccacia-brød, kaffi og kaker, og sist men ikkje minst – treffa folk og drøsa.
Barn kan så solsikkefrø.
Song og musikk ved masterstudentar frå Madagaskar ved VID Misjonshøgskulen.
Loddsal med trekning kl 12.30.
Nytt i år: «Lynlotteri» med god vinnarsjanse for både store og små.

VELKOMMEN
TIL NMS I TIME
SIN GRØNE DAG

Facebook: Grøn dag på Undheim





VELKOMEN TIL GRILLFEST MED SUNDAGSTREFF TORSDAG 12.MAI KL.17.00!

UNDHEIM KYRKJE

Påmelding til kyrkjekontoret 51 77 03 77
eller til Praxedes Slettebø 980 28 682
50 kr pr person

Kjenner du nokon som har lyst å koma, men ikkje har fått brev, kan du invitera dei med.

Hugs: Dei må òg melda seg på!

Felleskjøring frå Bryne kl. 17.00.
Meld frå om du treng å sitja på med oss.
Me skal grilla pølser og hamburgerar.
Hugs gode klede! Ved dårleg vær er me inne.

Grillfest-komitéen
Torunn Undheim, Siri Aarsland, Kari N. Ree,
Trond Toft Eriksen og Praxedes Slettebø



Torsdagstreff
i Bryne kyrkje 21.4 kl. 14.30
Kåseri om aldring v/
dr. Rolf Bergseth

Servering, utlodning, songstund og andakt

Torsdagstreff
i Bryne kyrkje 19.5 kl. 14.30
Kåseri/bilete om «Jærlandskap med glimt frå
Afrika v/Jan Helge Aarseth

Servering, songstund og andakt



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Mamma Weedad Ahmad Al-Khalaf er bekymret for fremtiden til datteren Talia på ett år. Det er ingenting for dem å gjøre i flyktningleiren i Bekaadalen, og de har hele livet på vent. Du kan lese mer på:
www.kirkensnodhjelp.no



Du kan vera med og hjelpe familiar i nød: Vipps eit valfritt beløp til 2426. Send GÅVE på sms til 2426 og gi 250 kroner. Gåvekonto: 1594.22.87248




Bufetat

Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som har det vanskelig? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Stavanger og Haugesund om å finne fosterhjem.

Mer informasjon om fosterhjem på fosterhjem.no

Bibelkveldar med fokus på Misjon

Til hausten blir det tre Bibelkveldar i Bryne Kyrkje med fokus på misjon.

Det er tysdagane 11. og 25. oktober og 8. november som er avsette til dette. Møtetida er frå kl. 19.00 til 21.15, med to innlegg kvar kveld og høve til spørsmål og ein kaffipause imellom.

Det blir fokus på misjon i bibelsk, historisk og aktuelt perspektiv. Første kvelden blir hovudlinjene i det bibelske perspektivet teikna, etterfølgd av tema «Misjonsvisjonen og Madagaskar» ved Hans Austrnaberg som har vore misjonær

der, og no er lærar ved VID/MHS. Den andre kvelden vil Kjetil Aano, tidlegare generalsekretær i NMS, ta for seg «Globalisering som utfordring til den kristne kyrkja». Erling Lundebø, som har vore misjonær for NLM i Kenya, og lærar ved Fjellhaug internasjonale Høgskole, vil snakka om «Norsk misjon i Aust-Afrika».

Tysdag 8. november vil generalsekretær Helge Gaard presentere «Vår utfordring til

misjon i dag». Det siste innlegget har Lars Dahle. Han er leiar av Gimlekollen Mediasenter. Tema er «Misjon og media – utfordring og muligheter».

Soknerådet er ansvarleg for tiltaket, som er planlagt av ein komité: Jan Helge Stensland, Kjell Ragnar Thu og Jens Olav Mæland. Ein brosjyre vil bli spreidd i starten av haustsemesteret, samt omtale i Helgedagen. Me vonar på god oppslutnad.

Pilegrim på Jæren

Det å gå pilegrim har fått ei aukande oppslutning dei seinare åra. Og ein treng ikkje dra til Santiago eller Nidaros for å vera ein moderne pilegrim.

Pilegrim kan ein gå sjølv, utan noko opplegg eller fellesskap, du kan gjera din daglege tur til pilegrim med å gje han eit innhald og mål ut over det vanlege. Vegen til kyrkja kvar veke er òg ei pilegrimsvandring. Kjekt og givande er det når me er fleire i lag, deler gode ord, ein salme, ei bøn, og ikkje minst stillheita.

På Jæren arrangerer me kortare pilegrimsturer med ulikt opplegg gjennom heile året. Somme tider har me eit opplegg, somme tider endar me i ei kyrkje og med ei gudsteneste, somme tider er me mest berre på tur i lag. Du er velkomen til å verta ein pilegrim på Jæren.



Plan for Pilegrimskomiteen for Jæren - 2022.
Nokre av vandringane er merka «E2S» - dette er eit 2-årig prosjekt med å vandre strekket mellom Egersund og Stavanger.

2. påskedag:	E2S - Pilegrimsvandring frå Hå gamle prestegard til Orre gamle kyrkje
2. pinsedag:	Pilegrimsvandring til Krosshaug i Klepp.
12.06.2022:	Pilegrimsvandring frå Egersund til Ogna
24.06.2022:	E2S - Jonsokvandring frå Orre gamle til Bore
29.07.2022:	E2S - Olsokvandring frå Bore til Hellestø
September	Pilegrimsvandring frå Lye til Ålgård
Oktober	E2S - Pilegrimsvandring frå Hellestø til Sola Ruinkyrkje

Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framover la oss bli betre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

Mauritz Kartevolds veg



Mauritz Kartevold (1833-1922) er ein av dei mest gåverike og allsidige personar Jæren har fostra. Han vart kalla «Jærens Sokrates», eit sjølvlært geni med talent og interesser på mange felt.

Han vaks opp i enkle kår på Kartavoll og måtte ta over garden som tenåring. Nokre få veker med omgangsskule var alt han fekk, men han lærte seg å lesa og skriva på eiga hand. Etter kvart las han seg til store kunnskapar og hadde kontakt med fleire av dei fremste forskarane i samtida.

Kartevold gjekk i urmakarlære og dreiv seinare urmakarforretning, landhandel og bakeri på Sandnes. Han konstruerte eit «verdsur» som blant anna vart vist fram på verdsutstillinga i Chicago i 1893. Han var også med og starta koparverket på Vigsnes på Karmøy, som er kjent for å ha levert kopar til Fridomsstatua i New York.

Mauritz Kartevold var radikal venstremann og ordførar i Sandnes i fleire periodar på 1860- og 1870-talet. Han etablerte eit folkebibliotek i Sandnes og fleire fråhaldslag i distriktet. I religiøse spørsmål tok han avstand frå den strenge pietismen han vaks opp med, og var open for tankar frå dei andre store verdsreligionane. Det gjorde han til ein omstridd mann i samtida.

Det er ikkje berre Time som har heidra Mauritz Kartevold med gatenamn. Plassen ved kulturhuset i Indre Vågen i Sandnes vart i 1999 kalla opp etter han.



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

30.01.2022: Henry Vigre-Ueland

13.02.2022: Sofia Førland, Sanna Solberg Hoff, Serina Gilje Rosland, Siri Bjørnevik Sivertsen

27.02.2022: Liam Mikalsen Tollefsen

TIME KYRKJE

30.01.2022: Emilia Mclaughlin Njå

13.02.2022: Miley Holen, Nora Monsen, Ingrid Serigstad, Ask Undheim Skåland

LYE FORSAMLINGSHUS

20.02.2022: Casper Høyland Panek, Max Høyland Panek


UNDHEIM KYRKJE

06.02.2022: Oline Fuglestad Rosland

27.02.2022: Nils Andreas Reiten Wergeland

BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER

20.02.2022: Calissa Nærbø (Frøyland og Orstad kyrkje)




Vigde

BRYNE KYRKJE

27.02.2022: Maren Johannessen Mikalsen og Jan-Erik Tysse Tollefsen

UNDHEIM KYRKJE

05.02.2022: Eline Fosse og Jarle Sebastian Gregersen



Døde

Marit Wahlberg
Andreas Egeland
Ragnar Øien
Anne Kristine Riise Lund
Magnus Inge Espevik
Ingeborg Lie,
Oddbjørn Høyland
Ane Oftedal
Webjørn Signy Hjelmervik

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ
Gjesdal • Jæren • Sandnes

51 61 04 00
Hele døgnet
*Hanne Brit Sandsmark
og Møyfrid Hersdal*

www.novabegravelse.no

KROGEDAL
begravelsesbyrå

51 97 29 00
DØGNVAKT

VI HAR OGSÅ
GRAVSTEINAVDELING
www.krogedal.no

Støttegrupper
Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne: marit.hetland@timekyrkja.no
Diakon i Time og Undheim: praxedes.slettebo@timekyrkja.no
eller ring kyrkjekontoret på **tlf. 51 77 03 77**

3. GENERASJON BEDEMANN
Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne **917 59 102**
24 TIMERS VAKTTELEFON



Jær Tannlegene
Heidi Bø Honningsvåg
Jaertannlegene.no | 5148 4800



Jæren Gulv AS
Maler- og gulvarbeid
www.jaerengulv.com



REIME
Varme & ventilasjon
entusiast
VARMEPUMPER OG SPA
www.reimeos.no - Tlf: 51 73 14 22



Rogalandshus



VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS
ek Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11
DØGNSERVICE 971 78 180



Bryne Rør



TIME ELEKTRO AS
når resultatet er viktig



SpareBank 1
SR-BANK



EiendomsMegler 1



nye JÆREN KABELNETT
Lokal og best på pris



Renovasjons-service as
Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44



aktiv.
Eiendomsmegling
51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no



PRIVATMEGLEREN JÆREN
Torggata 2, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no



REMA 1000
Håland 7-23(8-21)



Bogh Lafoe as TOYOTA
Fossveien 3, 4373 Egersund
Tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no



Alt innen datahjelp
-hjem på døren til private & bedrift
Tlf 51485000
www.datahjelpen.it



WACO
Forsikringsmegling as



haver_
Haver Advokatfirma AS
Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne
telefon 51 77 00 50



Bonde Kompaniet
Butikk i Jupitervegen 4,
4340 Bryne. Tlf. 480 10 878



Byggelaget



Velkommen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 951 25 002
Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00

GUDSTENESTER I APRIL			
Sundag 3. april Lye forsamlingshus Undheim kyrkje Bryne kyrkje	4. s. i faste 10.30 10.30 11.00	Gudsteneste. Nattverd. Gudsteneste. Nattverd. Gudsteneste. Nattverd.	Joh 6, 24 – 36 Sundagsskule Sundagsskule Jungelgjeng
Sundag 10. april Undheim kyrkje Time kyrkje Bryne kyrkje Bryne kyrkje	Palmesundag 10.30 11.00 11.00 18.00	Gudsteneste for store og små. Dåp. Gudsteneste. Nattverd Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng Sundagstreff.	Joh. 12, 1 – 13
Skjærtorsdag 14. april Bryne kyrkje Undheim kyrkje	19.00 19.00	Gudsteneste. Nattverd Gudsteneste. Nattverd	Joh. 13, 1-17
Langfredag 15. april Time kyrkje	11.00	Langfredags-gudsteneste	Joh. 18,1 – 19,42
Påskedag 17. april Undheim kyrkje Time kyrkje Bryne kyrkje	10.30 11.00 11.00	Høgtidsgudsteneste. Dåp Høgtidsgudsteneste. Dåp. Sundagsskule Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng	Joh. 20, 1 – 10
Sundag 24. april Time kyrkje Bryne kyrkje	11.00 11.00	Gudsteneste. Nattverd Gudsteneste for store og små. Nattverd. Sundagsskule	Joh. 20, 24 – 31
Laurdag 30. april Bryne kyrkje Bryne kyrkje	11.00 13.00	Konfirmasjonsgudsteneste Konfirmasjonsgudsteneste	Joh. 20, 34-31



Velkomen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.



Velkomen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 951 25 002

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00

God påske!

GUDSTENESTER I MAI

Sundag 1. mai

Lye forsamlingshus
Undheim kyrkje
Bryne kyrkje

3. s. i påsketida

10.30 Gudsteneste. Sundagsskule
10.30 Konfirmasjonsgudsteneste
11.00 Gudsteneste. Dåp

Mark. 6, 30 – 44

Sundag 8. mai

Time kyrkje
Time kyrkje
Bryne kyrkje

4. s. i påsketida

10.30 Konfirmasjonsgudsteneste
12.30 Konfirmasjonsgudsteneste
11.00 Gudsteneste med familiefokus

Mark 6, 30 – 44

Laurdag 14. mai

Bryne kyrkje
Bryne kyrkje

11.00 Konfirmasjonsgudsteneste
13.00 Konfirmasjonsgudsteneste

Mark 6, 30 – 44

Sundag 15. mai

Lye forsamlingshus
Undheim kyrkje
Bryne kyrkje

5. s. i påsketida

19.30 Gudsteneste. Nattverd.
10.30 Gudsteneste.
11.00 Konfirmasjonsgudsteneste

Nasjonaldagen 17. mai

Bryne kyrkje
Lye forsamlingshus
Time kyrkje
Undheim kyrkje

08.30 Morgonsong med bøn for folk og land
09.45 Nasjonaldagsgudsteneste
10.30 Nasjonaldagsgudsteneste
11.00 Gudsteneste for store og små

Luk. 17, 11 – 19

Sundag 22. mai

Time kyrkje
Bryne kyrkje/
speidarhytta i Urådalen
Bryne kyrkje

6. s. i påsketida

11.00 Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule
11.00 Speidargudsteneste
19.00 Kveldsgudsteneste. Nattverd

Kristi Himmelfartsdag 26. mai

Bryne kyrkje

11.00 Gudsteneste. Nattverd

Joh. 17, 1 – 5

Sundag 29. mai

Bryne kyrkje

Sundag før pinse

11.00 Fellesgudsteneste på Jærdagsscenen

Sundag 5. juni

Time kyrkje
Bryne kyrkje

Pinsedag

11.00 Høgtidsgudsteneste. Gullkonfirmantjubileum
11.00 Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng

Joh. 14, 23 – 29

Sundag 6. juni

Undheim kyrkje
Bryne kyrkje/ Krosshaug

2. pinsedag

10.30 Høgtidsgudsteneste. Dåp
11.00 Friluftsgudsteneste

Joh. 7, 37 – 39

Sundag 12. juni

Lye forsamlingshus
Undheim kyrkje
Bryne kyrkje /
Brekko sportskapell

Treeiningssundag

10.30 Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
10.30 Gudsteneste. Nattverd

Luk. 24, 45 – 48

11.00 Gudsteneste for store og små. Nattverd